

Handlingsplan – Helse sosial omsorg 2025-2026

«Skal me bevara må me endra»

Lesarrettleiing:

Denne handlingsplanen heng saman med overordna mål og strategiar i Kommunedelplan HSO 2023-2033. Dei overordna måla fortel korleis me vil ha det, og strategiane peikar ut retning for korleis me skal gjera det. Handlingsplanen viser prioriterte handlingspunkt for perioden 2025-26. Planen vil bli rullert ut i 2025, nye handlingspunkt vil då kunna bli prioritert. Det er her viktig å merkja seg at planen ikkje er utfyllande når det gjeld endrings- og utviklingsarbeid i tenestene.

Handlingspunkta er delt i handlingar utan angitt økonomisk effekt (oppdrag = «O») og handlingar med angitt effekt/ behov for endringar i driftsbudsjettet (tiltak = «T»). Nokre handlingspunkt har og innverknad på investeringsbudsjett, desse er merka «I». Dersom du ynskjer å få meir informasjon og dei ulike punkta finn du i [Grunnlagsdokumentet](#) som høyrer til Kommunedelplanen. Det er vist til kapittel i fyrste kolonne.

		Oppdrag/ tiltak i 2025-2026	V 25 (pågåar)	H 25	V26	Oppdrag/ Tiltak/ Investering
Samfunnsutvikling og tilrettelegging Kap 2	1	Iverksetja funksjon som samfunnskontakt i HSO		X	X	T +
	2	Kvalitetssikra malar for avtalar og rammevilkår rundt samarbeid med frivillige	X			O
	3	Frivillighetsarbeid/samfunn/næringsliv - Prøve ut kva oppgåver som kan utførast av andre enn helsepersonale. Prosjekt som «Helt med» eller liknande vera aktuelt.		X	X	O
	4	Utarbeida plan for bustadsosialt arbeid	X	X		O
Førebyggjande helsearbeid, rehabilitering og meistring/ deltaking/ tilrettelegging Kap 3.1.-3.3.	5	Evaluera gjeldande modell for friskliv og førebyggjande tiltak. Utarbeide forslag til ny modell.	X	X	X	O/ T +
	6	Arbeida med å iverksetja tiltak knytt til framlegg frå arbeidsgruppa for mandat 5 rehabilitering.	X	X	X	O/ T+
	7	Styrkja samhandling med logoped med oppstart i 2025.	X			O
	8	Bidra til oppfølging av “Bu trygt heime” reforma saman med andre fag og seksjonar.	X	X	X	O
	9	Laga plan for korleis kommunen bør bistå med tilrettelegging av bustadar til eldre og personar med nedsett funksjonsevne.	X	X	X	O/(T +)
	10	Etablere syn- og høyrsekontakt. Sjå det i samband med samarbeidsavtalar med SAPT og NAV Hjelpemiddelsentral.		X	X	O /T
Tiltak som gjeld for fleire tenester	11	Arbeida mot felles bruk av nattevaktressursar for alle tenester med døgnbemanning. Arbeida med å iverksetja tiltak knytt til rapport frå arbeid i handlingsplan 2023-24.	X	X	X	O/T
	12	Arbeida mot heilskapleg tilbod til personar med demens og deira pårørande. Deltaking i eksternt læringsnettverk. Iverksetja tiltak knytt til rapport frå arbeid i handlingsplan 2023-24.	X	X	X	O/T

	Oppdrag/ tiltak i 2025-2026	V 25 (pågåar)	H 25	V26	Oppdrag/ Tiltak/ Investering
	13 Styrkja samarbeid mellom PSH, BFT, HAB, EFT, BHT, og TKH*. Kartleggja behov, og laga plan for å ivareta brukargruppa som er i grenseland mellom tenestene.			X	O
	14 Kvalitetssikra rutinar på bruk av individuell plan og koordinator		X	X	O
	15 Fokus på etikkrefleksjon i tenestene, og gjennomføre samlingar for etiske kontaktar. Leggja til rette for kompetanseutvikling for ressurspersonar. Aktiv informasjon om etikkarbeid i organisasjonen, og halde fram samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester.	X	X	X	O
Psykisk helse- tenester og rusarbeid Kap 3.5.	16 Implementere «Rask psykisk helsehjelp». Evaluera med informasjon til politisk nivå i 2025.	X			O/T+
	17 Aktivitetstilbod: Vidareutvikla eksisterande tilbod på Nyving i samskaping med frivillige	X	X	X	O
	18 Aktivitetstilbod: Avklara framtidig lokalisering av Nyving. Tilbodet har midlertidige lokale. Behovet må sjåast i samheng med anna arealutvikling i kommunen.	X	X	X	O
	19 Vidareutvikla innhald i tilbodet Sesam (møteplass for personar med etablerte rusutfordringar). Meir samarbeid med frivillige, frivillige organisasjonar og næringsliv, gratis måltid, trening og Nalokson-prosjekt «kameratredning».	X	X	X	O (T)
Tenester for menneske med utviklings- hemming/ forstyrningar Kap 3.6	20 Arbeida med å skape rutinar som sikrar betre samhandling med eksterne og overgangar frå vidaregåande skule mot Arbeids-/aktivitetstilbod.	X	X		T+
	21 Arbeids-/aktivitetstilbod: Tilbodet har lite hensiktsmessige og framtidretta lokale. Det må sjåast i samheng med anna utviklingsarbeid, behov for lokale for andre dagtilbod og plan for økonomi/investering.	X	X	X	O(T)
	22 Følgja opp kommunestyrevedtak frå 17.06.24, og følgje opp punkta som kom fram i rapporten «tenester til menneske med utviklingshemming/ -forstyrningar». Gjennomføra endringar for å møte ei framtid med strammare økonomiske rammer og mindre tilgang på arbeidskraft (til dømes, alternativ organisering, meir bruk av teknologiske løysingar, meir samskaping med frivillig sektor/ samfunnet)	X	X	X	O (T+)
Heimetenester (generelt) Kap 3.7.	23 Gjennomføra kommunestyrevedtak frå 17.06.24 om å samorganisera heimetenestene på Søre Bømlo med Bømlo heimeteneste frå 01.01.25. Arbeid med omstilling vart starta innan 01.09.24. Det skal sikrast effektiv drift av heimetenestene med geografisk nærleik til brukarane og minst mogleg køyring. Heimetenestene må driftast fleksibelt og med bruk av basar på Bømlo omsorgstun, Moster servicesenter og Bømlo helsehus.	X	X	X	O (T)
	24 Heimerehabilitering: Behov for å auka kapasitet	X	X	X	O
	25 Samhandling med fastlegane: Henta erfaringar frå utprøving av primærhelseteam eller anna form for styrka samhandling med fastlegane			X	O

	Oppdrag/ tiltak i 2025-2026	V 25 (pågår)	H 25	V26	Oppdrag/ Tiltak/ Investering	
Aktivitetstilbud (eldre, personer med demens, andre helseutfordringer) Kap 3.8.	26	I sammenheng med kommunestyrevedtak 17.06.24, skal 2 mill. kr av midlane som blir fristilt brukast til å styrkja dagtilbod, byggja opp desentraliserte aktivitetstilbod, fleksible avlastningsordningar - førebyggjande tiltak. Dagtilbodet ved Bømlo omsorgstun skal styrkjast. Det er mål om å styrke heimetenestene framover.	X	X	X	T
	27	Prøva vidare ut ambulerande tilbod og meir fleksible tilbod på ettermiddag og helg	X	X	X	T
	28	Prøva ut alternative samarbeids-/driftsmodellar med frivillig sektor, næringsliv og samfunnet generelt.	X	X	X	O / (T+)
	29	Vidareutvikla innhaldet i aktivitetstilbod/Trivselshus med m.a. sjukepleieklinikk (helsestasjon), demonstrasjon av velferdsteknologi, opplæring og kurs til eldre osb.	X	X	X	O
«Omsorgs pluss» - tilbod Kap 3.9. (jf. òg bustad-plan)	30	Arbeida vidare med innhald i omgrepet «Omsorg pluss» (jf. bestilling i budsjettdokument)	X	X	X	O
	31	Moster: Vidareføra arbeid med avklaringar om rehabilitering av omsorgsbustader i samarbeid med Moster burettslag med føremål om å skapa eit «Omsorg pluss»- tilbod som inkluderer eit aktivitetstilbod (dette må sjåast i sammenheng med plan for vidare utvikling av Moster Servicesenter, sjå heimetenester generelt)	X	X	X	O/T+/I
	32	Svortland: Oppgradera leilegheiter i Sökkelen på Bømlo Helsehus og utgreia «Omsorg pluss»-tilbod som inkluderer aktivitetstilbod (trivselshuset).	X	X	X	O/T+/I
	33	Langevåg: Utgreia «Omsorg pluss»-tilbod på Bømlo Omsorgstun som inkluderer aktivitetstilbod	X	X	X	O/T+/I
Sjukeheimstilbud Kap 3.10.	34	Gjennomføra kommunestyrevedtak frå 17.06.24 om å redusera kapasitet på institusjonsplassar. Endring i drift for å vri ressursar mot tiltak til heimebuande og andre prioriterte førebyggjande oppgåver der ein i dag ikkje har kapasitet eller tilbod.	X	X		O/ T-
	35	I sammenheng med kommunestyrevedtak 17.06.24, greia ut og leggja plan for etablering av meir spesialiserte plassar for enkelte diagnosegrupper (BBH)		X	X	O
	36	I sammenheng med kommunestyrevedtak 17.06.24, greia ut og leggja plan for etablering av forsterka skjerma eining (Teiglandshagen)	X	X	X	O/T-
	37	I sammenheng med kommunestyrevedtak 17.06.24, greia ut og leggja plan for etablering av øymerka palliativt tilbod	X	X	X	O
	38	Rehabiliterer kjøkken på Bømlo bu- og helsesenter og samle industrikjøkentalbod.	X	X		I+
	39	Oppgåvedeling og bruk av ulike arbeidstidsordningar: Arbeide for å få på plass sjukepleiarteam, styrkja helsefagarbeidar-gruppa, samt få på plass servicevertar. Deltek i nasjonalt TØRN-prosjekt.	X	X	X	O (T)
	40	Arbeida med å nyttiggjera oss av uteområde i sansehagen. Utvikla samarbeid og fellesskap med frivillige, skular og barnehagar, samt vurderer opplegg som «Livsgledeshjem»/aktivitetsdosetten.	X	X	X	O
	41	Arbeide vidare med samarbeidsprosjekt mellom kommune- og spesialisthelsetenesta, tema skrøpelege eldre (Prosjekt gjennom Helsefellesskapene i Helse Fonna- regionen).	X	X	X	O

	Oppdrag/ tiltak i 2025-2026	V 25 (pågår)	H 25	V26	Oppdrag/ Tiltak/ Investering
	42 Ta i bruk meir digitalisering/ velferdsteknologi som støttefunksjon i avdelingane. Utgreie sjuke-signalanlegg (funksjonalitet og kostnad) og utarbeide kravspesifikasjon (anbod) for investering og innkjøp.	X	X	X	T+/I
Legetenester Kap 3.11.	43 Sikre rett legeressurs/hjelpepersonale for å sikra rett listekapasitet. Ta inn ein ekstra LIS1 lege og leggja til rette for medisinstudentar	X	X	X	T+
	44 Jobba med gode og føreseielege spesialiseringssløp	X	X	X	O
	45 Opprette eit legekantor (Øyane Helsehamn) som er bygd og rusta for framtida med fokus på både kortsiktige og langsiktige behov. Vurdera å slå legesentera i sentrum saman til eitt.	X	X	X	T/I
	46 Jobba med fagmiljø, internundervisning og kvalitetssystem. Utarbeida årshjul og plan for legar/helsepersonale.	X	X	X	O
	47 Bidra i evaluering av status i høve rekruttering og stabilitet m.o.t. legedekning i interkommunal legevakt.	X	X	X	O
	48 Interkommunal legevakt og arbeid i samanheng med nasjonale tiltak og tilrådingar. Arbeide med vilkår for næringsdrivande legar, og forslag til mogleg utrykkings-legevakt.	X	X	X	O
Sosial- og velferdstenester Kap 3.12.	49 Vidareutvikla prosjekt «Barn har noko viktig å seie» og barn sin medverknad	X	X	X	O
	50 Auka stillingsressursar til gjeldsrådgjevar			X	T+
	51 Vidareutvikla satsing på arbeidsretta oppfylgning tiltak av flyktningar og Jobbsjansen, samt deltaking i KS nettverk «Flyktningar i jobb»	X	X	X	O
	52 Det er trong for utvikling og avklaringar i høve lokale som vert nytta for arbeidstilbodet Basen.	X	X	X	O
Pårørande Kap 3.14.	53 Gå gjennom og implementera tilrådingar frå nasjonal pårørandestrategi. Lage strategi og handlingsplan for arbeidet, inkludere frivillige, pårørande og barne- og familietenesta i arbeidet. Vurdera behov og leggja plan for oppretting av pårørandekontakt.		X	X	O
	54 Styrkje samarbeid med pårørande: Arrangera pårørandesamling, tilby pårørandesamtale på individnivå. Ta meir i bruk Digihelse som kommunikasjonsverktøy.	X	X	X	O
Krisesentertilbod	55 Bidra til å vidareføra påbegynt arbeid med nytt bygg for Krisesenter vest IKS i tråd med politiske vedtak	X	X	X	I
Samhandling med eksterne	56 Bidra aktivt i utviklinga av Helsefelleskap i samarbeid med helseføretak og andre kommunar i Helse Fonna sitt opptaksområde. Samt andre aktuelle prosjekt med eksterne.	X	X	X	O
Rekruttering og kompetanse	57 <i>Det blir utarbeida eigen fagplan med handlingspunkt på dette området</i>				

* PSH Psykisk helse og rus, BFT Barne og familietenesta, HAB Habiliteringstenesta, EFT Ergo-Fysiotenesta, BHT Bømlo heimetenester, og TKH Tenestekontoret.